



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 01.03.2016

Vår ref.: 2016/2795

Arkivnr.:

Kommunane i Rogaland

Postadresse:

Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:

Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Ber om hjelp til innmelding av juletre til virkesdatabasen (VSOP)

Innmelding av juletre til virkedatabasen (VSOP) er eit tema vi stadig kjem attende til. Årsaka er at det ser ut til å vere eit relativt stort avvik mellom det som blir hogd av juletre og det som faktisk kjem fram i offisiell statistikk frå VSOP.

I Rogaland er det i 2015 registrert 43 600 stk juletre innrapportert til VSOP. Dette er omtrent uendra samanlikna med fjordåret – sjå vedlagt statistikk og oversikt på produsentar som har meldt inn til VSOP. Av om lag 80 juletreprodusentar er det 35 produsentar som har meldt inn juletresal til VSOP i 2015.

Rogaland som det desidert største juletrefylke og etter samtale med rettleiingstenesta, burde Rogaland hatt ein aktivitet som er langt større, sjølv med dels store klimaskader hos mange av dei største produsentane for eitt par år sida. Juletresalet på landsbasis er på om lag 1,1 mill. jf. tal frå Norsk Juletre. Berre ein liten del dette volumet viser igjen i offisiell statistikk og i samsvar med regelverket.

Forvaltning si oppgåve er å sikre at regelverket om måleplikt på all juletrehogst blir etterlevd og kontrollere at tala stemmer med faktisk aktivitet på område, jf. «*Forskrift om Skogfond o.a.*».

For ei næring med gode framtidsutsikter, stort potensiale og allereie som ei vesentleg inntektskjelde for mange bønder/skogeigarar, er synleggjering av omfang og verdiskaping viktig for vidare utvikling av juletrenæringa. Ikkje minst for å kunne nytte dei økonomiske fordelane som ligg i bruk av skogfond med 85 % skattefordel på investeringar, er ein avhengig av at dette blir innrapportert i tråd med regelverket.

Vi ber med dette kommunane om å gå gjennom listene for å sjekke om tala stemmer for sine respektive kommunar for juletresalet i 2015, der noko vil vere registrert i 2015 og 2016. Ber om kort tilbakemelding på e-post på kvantum som har kome inn etter kontroll/purrerunde. **Frist for tilbakemelding 1. mai. 2016.**

Med helsing

Morten Svanes
seniorrådgjevar

Stein Bomo
fylkesskogmeister

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Stein Bomo
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 72
E-post: fmrosbo@fylkesmannen.no

Vedlegg: Statistikk VSOP 1997-2015 (2016)

Kopi: -Norsk Juletre, Morstadvegen 1, 2750 GRAN
-Rogaland Pyntegrøntlag, Skoltavegen 1, 4355 KVERNALAND